

Innhald

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Merknader
5. Gjennomføring
6. Oppfølging

Vedlegg:

- Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn
Vedlegg 2: Deltakarar ved Fylkesmannen sitt tilsyn

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Tysvær kommune 27. og 28. 01.2009. Tilsynet fokuserte på om kommunen oppfyller visse lovkrav innafor oppgitte emne, sjå ”Tema for tilsynet”.

Føremålet med tilsynet var å vurdere om Tysvær kommune har tilfredsstillande styring i forhold til det regelverket som regulerer plikta til å ha eit forsvarleg vurderingssystem.

Tilsynet omfatta mellom anna undersøkingar om:

- aktivitetar blei utførte som dokumentert og uttalt
- kommunen driv verksemda si innafor eigne rammer og dei rammene styresmaktene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av om rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgde opp i praksis. Tilsynet fokuserte på kommunen si oppfylling av krav på områda nemnde ovanfor. Eventuelle funn ved tilsyn blir formulerte som avvik og/eller merknader.

- **AVVIK** blir definert som mangel på oppfylling av krav fastsette i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **MERKNAD** gjeld forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- Forskrift til opplæringslova
- Korrespondanse mellom kommunen og Fylkesmannen
- Dokumentasjon frå kommunen (vedlegg 1)

3. Avvik

Avvik nr. 1:

Tysvær kommune sikrar ikkje at alle vedtaka om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning er i samsvar med krava i opplæringslova og forvaltningslova.

Avvik frå

Opplæringslova §§ 5-1, 5-7, 5-3 jf. forvaltningslova §§ 24, 25

Lovkommentar:

Vedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning skal vere skriftleg og skal grunnjevast. Eit vedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning skal vere så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva for hjelp/opplæringstilbod barnet/eleven skal få. Vedtaket skal omhandle innhald, organisatorisk gjennomføring og omfang av opplæringa. I grunngevinga for vedtaket skal det gå fram om opplæringstilbodet er i samsvar med det opplæringstilbodet som PPT i si sakkunnige vurdering skriv at barnet/eleven bør få. Dersom vedtaket frå kommunen avvik frå den sakkunnige vurderinga, skal grunngevinga for vedtaket blant anna vise kvifor kommunen meiner at barnet/eleven likevel får ei hjelp/eit opplæringstilbod som oppfyller retten.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Dokumentasjon viser at fleire av vedtaka avvik frå den sakkunnige vurderinga. Det blir ikkje grunngeve at barnet/eleven likevel får ei hjelp/eit opplæringstilbod som oppfyller retten. Fleire av vedtaka er mangelfulle når det gjeld informasjon om organiseringa av spesialundervisninga. Ei samanblanding av 45 min. og 60. min timar i sakkunnig vurdering og vedtak gjer at nokre av vedtaka har feil utrekning av årstimar.

Det er ikkje synleggjort og grunngeve at spesialpedagogisk hjelp tek utgangspunkt i skoleåret og blir gitt i 38 veker.

Avvik nr. 2

Tysvær kommune sikrar ikkje at alle sakkunnige vurderingar er i samsvar med krav i opplæringslova.

Avvik frå

Opplæringslova §§ 5-3, 5-6

Lovkommentar:

Den sakkunnige skal fungere som rettleiing i barnehagen/skolen sitt arbeid med barnet/eleven. Vidare skal sakkunnig vurdering gi føresette eit grunnlag for å kunne vurdere vedtaket opp mot dokumenterte behov. Ved klage er sakkunnig vurdering eit sentralt underlagsdokument. I merknad frå Ot.prp. nr 46 (1997-98) til opplæringslova § 5-3 går det fram at eit vedtak om spesialundervisning skal vere så klart og fullstendig at det ikkje er tvil om kva for opplæringstilbod eleven skal få. Kravet til tydelegheit gjeld også den sakkunnige vurderinga. PPT skal sjølvstendig gjere greie for og ta standpunkt til innhald, organisering og omfang av spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisninga i den sakkunnige vurderinga.

Hovudføremålet med den spesialpedagogiske hjelpa er å medverke til at barnet blir betre rusta til å starte i grunnskolen. Både sakkunnig vurdering og vedtaket må klargjere om assistenthjelpa skal vere/er ein del av den spesialpedagogiske hjelpa. Det er den direkte hjelpa til barnet som må avgjere om assistenthjelpa er ein del av den spesialpedagogiske hjelpa.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Fleire av tilrådingane på skoleområdet gir ikkje ei klar nok beskriving av omfang og kompetanse. Eksempelvis er beskrivingar som: *”hyppige daglige økter – korte daglige økter – daglige økter- gradert oppfølging gjennom skoledagen – anbefaler alternativ arena 1- 2 dager i uka – vurdere assistenthjelp”* nytta i dei sakkunnige vurderingane.

Ei av tilrådingane på barnehageområdet viser til behov for å styrka grunnbemanninga på avdelinga med spesialpedagog, ikkje til barnet sitt behov for spesialpedagogisk hjelp.

4. Merknader

Det blei ikkje gitt merknader.

5. Gjennomføring

Tilsynet er gjennomført på følgjande måte:

Varsel blei sendt ut:	26.11.09
Formøte blei halde:	27.01.09
Intervjua blei gjennomførte:	27. og 28.01.09
Sluttmøte blei halde:	12.02.09

I vedlegg 2 er det gitt eit oversyn over deltakarane på tilsynet.

6. Oppfølging

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå kommunen om korleis avvika i rapporten er fulgt opp innan 04.05.2009.

Vedlegg 1:

Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Materiale frå Tysvær kommune:

1. Organisasjonskart
2. Delegering
 - a. Politisk sak
 - b. Politisk vedtak
 - c. Administrativ delegering
3. Årsmelding for resultatområde skule 2007
4. Plan for kompetanseutvikling
 - a. Strategi for kompetanseutvikling 05-08
 - b. Rullering av kompetanseplanen 0809
5. Økonomisk tildeling/ tildelingsmodellar
 - a. Rammetimetalet
 - b. Spesialundervisning
6. Rutinar for spesialundervisning
 - a. Prosedyre revidert 08
 - b. Førtilmeldingsprosedyre
7. Alternativ opplæring
 - a. Avtale
 - b. Rammeplan
 - c. Søknad om opptak
8. Politisk sak om kvalitetsvurdering i Tysvær
9. Årshjul for kvalitet
10. NordR systemet for eigenvurdering
11. Oppdragsskriv ved ekstern vurdering
12. Opplegg for dialogmøta våren 2008
13. Tilbakemeldingane etter dialogmøta til skulane samla våren 2008
14. Eksempel på PPpresentasjon frå Frakkagjerd og Straumen ved tilbakemelding til personalet
15. Referat frå leiarmøter

Materiale frå Straumen skule

16. Tiltaksplan
17. Årsmelding
18. Plan for tilpassa opplæring
19. Samarbeidsavtala skule-barnehage
20. Skjema for elevsamtale
21. Skjema for foreldresamtale
22. Døme på periodeplanar/arbeidsplanar
23. Fem elevsaker

Materiale frå Frakkagjerd ungdomsskole

24. Tiltaksplan
 - a. Teamarbeid på Frakkagjerd ungdomsskole
 - b. Skjekkliste for undervisning av elever med konsentrasjonsvansker
25. Årsmelding 2007
26. Planar for tilpassa opplæring og spesialundervisning

27. Målplanar
28. Skjema for elevsamtale/foreldresamtale m/oppfølgingsark
29. Fem elevsaker
30. Prosedyre for overgang mellom barneskole/ungdomsskole
31. Introduksjon til arbeid på Frakkagjerd ungdomsskole
32. Eksempel på utsnitt av årsplanen for skolen
33. Elevkortoversikt
34. Eksempel på elevmerdverknad
35. Prosjektsøknader
36. Utskrift frå ”Skoleporten”

Materiale frå PPT – Tysvær

37. Rutinar for klientarbeid
38. Mal for utgreiingsplan
39. Eksempel på utgreiingsmal
40. Eksempel på utgreiingsrapport
41. Mal for sakkunnig utgreiing
42. Tilmeldingsskjema til PPT
43. Prosedyre for vurdering/tildeling av spesialundervisning
44. Førtilmeldingsprosedyre
45. Oversikt over PPR for Tysvær og Bokn
 - a. Diverse informasjon
46. Plan for tverrfagleg samarbeid barn og unge

Materiale frå Tysvær opplæringscenter, Frakkagjerd barnehage og Førresfjorden barnehage

47. Prosedyrar for ansvar og samarbeid
48. Informasjon til foreldre/føresette
49. Seks vedtak om spesialpedagogisk hjelp m/sakkunnig vurdering, IOP og halvårsrapport
50. Strategiplan for overgang barnehage-skule
51. Rutinebeskriving-prosedyre for tildeling av spesialpedagogisk ressurs og søknad om ekstra personalressurs
52. Arbeidsplan ekstraassistent/ støttepedagog
53. Årsplan Frakkagjerd barnehage
54. Årsmelding 2007 Frakkagjerd barnehage
55. Årsmelding 2007 Førresfjorden barnehage
56. Årsplan Førresfjorden barnehage
57. Ukeplan for spesialpedagoger/støttepedagog Førresfjorden barnehage
58. Rutinebeskrivelse angående internt samarbeid barn med spesialpedagogisk ressurs – Førresfjorden barnehage
59. Rutinebeskrivelser for hvordan sikre barn spesialpedagogisk hjelp – Førresfjorden barnehage
60. Vekeoversikt for situasjoner og utviklingsområder for barn
61. Internt notat – barn Førresfjorden barnehage
62. Foreldreveiledning- Førresfjorden barnehage
63. Retningslinjer for støttepedagog i arbeidet med barn Førresfjorden barnehage
64. Oversyn over budsjett for barn med nedsett funksjonsevne og disponering av øyremerka statstilskott

Vedlegg 2:

Oversyn over personane frå kommunen som var involverte i tilsynet

Namn	Funksjon	Opnings- møte	Intervju	Sluttmøte
Arvid Vallestad	Rådmann	x	x	x
Hartvig Waage	Skolesjef	x	x	x
Eli Krokedal	Ped.fagleiar	x	x	x
Kåre Sætre	Rektor Frakkagjerd ungdomsskole	x	x	x
Kari Espeset	Lærer Frakkagjerd ungdomsskole	x	x	x
Inger Marie Tørresdal	Rektor Straumen skole	x	x	x
Grete Vestbø	Lærer Straumen skole	x	x	x
Anne Margrethe Tollefsen	PP-rådgivar	x	x	x
Sigmund Lier	Leiar PPT	x	x	x
Anne Lise Myrvold	Barnehagesjef	x	x	x
Inger Baustad	Rektor Tysvær opplæringscenter	x	x	x
Bente Halvorsen	Styrar Førresfjorden barnehage	x	x	x
Hildegunn Kvamen	Styrar Frakkagjerd barnehage	x	x	x
Sissel Norheim	Spesialpedagog Tysvær opplæringscenter	x	x	x
Bjarne Håvik	Kommunalsjef	x		x
Harald Stakkestad	Ordfører			x
Jan Øvernes	Lærer Straumen skole			x
Sigdis L. Skaug	PPT			x
Ingvild Djuv	PPT			x
Hilde T. Bjørheim	PPT			x
Øyvind Eileraas	Rektor			x
Haakon Tomin Waage	Rektor Førre skole			x
Arthur Paulsen	Rektor Nedstrand skole			x
Liv Tokerud	Rektor Grinde skole			x
Borghild Yrkje	Rektor Tysværvåg skole			x

Frå Fylkesmannen deltok seniorrådgivar Marta Vignes og seniorrådgivar Liv Svendal med førstnemnde som tilsynsleiar.